På det meste budde 22 i dette huset

Ikkje alle historiar som blir fortalde er ekstraordiære og fantastiske. Dei fleste handlar om vanlege folk til ulike tider. Her er ei historie frå Bygde-Noreg frå 1920-talet til i dag.



BLAR I MINNER: *Dei tre eldste i søskenflokken er frå v. Annemor Røssland, (82), Ingrid Løyning (84) og Johannes Markhus (86).*



SAMLA I KJØKKENBENKEN: *Frå v. Annbjørg Straumsøy, Ingebrigt Markhus, Annemor Røssland, Ingrid Løyning, Johannes Markhus, Aud-Marie Lynghammer, Jon Inge Markhus.*

I dette huset i bakgrunnen vaks dei opp, dei sju gjenlevande Markhussøskena Saman med mor og far og to søsken som er farne - pluss ei bestemor, ein ugift onkel og onkel Nils og tante Gurine med sine sju ongar (søskenbarn).

- På det meste var me 22 som budde i huset i Skjepavik på Markhus, fortel eldstemann , Johannes Markhus (86).

Det var i den tida at det kunne gå over 20 elevar på skulen i Markhus - på 1940- og 50-talet. I ein periode på 14 dagar hadde dei sløyd. Då kom ei skøyte frå Skånevik med høvelbenkar. Pultane blei borne ut og i to veker var det undervisning i sløyd med høvelspon i skulestova før skøyta kom tilbake og henta høvelbenkane og frakta dei til neste skule langs Åkrafjorden der elevane skulle ha sløyd. Effektivt og billeg.

Det var i den tida det var tobakkspipefabrikk med inntil ti mann i arbeid på Markhus og rutebåten frå Skånevik kom med stomp (brød) og gjekk innom Kyrping, Markhus, Fjæra, Mosnes, Eikemolandet, Bjelland, Søllesvik og Åkra og blei kalla «kånebåten». Og rutebåtane i Åkrafjorden heitte «Tysnes», «Eidfjord» og «Granvin».

«I ein periode på 14 dagar hadde dei sløyd. Då kom ei skøyte frå Skånevik med høvelbenkar... før skøyta kom tilbake og henta høvelbenkane og frakta dei til neste skule langs Åkrafjorden»

Og det var i den tida det var anleggsarbeid på Åkrafjordvegen, krig og byggjestart i 1942 - og ei heilt ny tid for bygdene i Åkrafjorden etter at vegen kom.

96 etterkomarar

Dette er slik dei minnest; søskenflokken på sju som er samla i heimehuset i Skjepavik ved Åkrafjorden for å feira ei svigerinne som fyller 70. Flokken var på ni. Men vesle Jørgen, som hadde Downs syndrom, døde berre 14 år gammal i 1961. Og søster Astrid, gift Hjelmeland på Husnes, døde i 1991.

Resten av flokken, i alderen frå 69 til 86, samlast gjerne til middag og samver regelmessig. I det siste er det blitt hyppig - for bror Ingebrigt på Moster fylte 80 nyleg og så var det at 70-årsdagen til yngstebror Jon Inge Markhus si kone, Enny, skulle feirast.

Med barn, barnebarn og oldebarn tel etterkomarane 96 - og «eit halvt», smiler ei gryande oldemor som veit litt meir....

Mor til dei sju som er samla i barndomsheimen heitte Inger og kom frå Øvre Markhus. Faren, Johannes, var frå Markhushamn. Dei gjekk ikkje langt. Johannes jobba i vegvesenet.

Fleire av dei eldre søskena hans reiste til Amerika. Slekta er stor i Sør-Dakota og i år 2000 reiste seks av Markhussøskena, saman med sju søskenbarn og nokre andre - til saman 15, på slektstreff til Rapid City i USA.

Mor Inger var eit sjeldant arbeidsmenneske. Som ung jente investerte ho i ein strikkemaskin som den gongen kosta den store sum av 800 kroner. Ho laut ha 14 kausjonistar som skreiv under før Skånevik Sparebank ville låna ho pengar til strikkemaskina - som står i heimehuset den dag i dag.

Strikkemaskina kom vel med. Folk frå heile fjorden kom med garn som ho så strikka.

«Ho laut ha 14 kausjonistar som skreiv under før Skånevik Sparebank ville låna ho pengar til strikkemaskina»

- Særleg strikka mor bolar (ullundertøy) som alle måtte ha. Mor fødde ti ungar (den første døde i barsel), ho stelte ni born, ein av dei funksjonshemma, og ho hjelpte svigermor si. Hvis det fantest eit arbeidsmenneske, så var det mor vår, slår Annbjørg Straumsøy (76) fast.

Alle fødslar i huset

Alle fødslar skjedde i huset - med den same jordmora: Ragna Åkra frå fjordbygda med same namn. Ho kom i mo-torbåt. Ho ville ha barnefaren med på fødselen. Det var uvanleg i dei tider.

- Og far vår var søndagsskulelærar og bedehusformann, legg eldstebror Johannes til. Søsknene ler mykje. Men dei legg heller ikkje skjul på at diskusjonane kan bli harde.

- Me er slettest ikkje einige om alt. Særleg kan det bli hardt når me kjem inn på diskusjon om kristendommen, seier eldstemann Johannes.

Den 86 år gamle storebroren og ingeniøren, som bur i Grimstad, er aktiv i menigheit og saman med dotter og svigerson i hjelpearbeid i Kenya: Djupvassboring og vatn til landsbyar. Han var ein av initativtakarane, ein av hovedaksjonærane og i ni år styreleiar for Åkrafjordtunet A/S.

- Ja, det var ei stund i går kveld etter festmiddagen med sosekjøt at temperaturen var høg, ler den nestyngste, Jon Inge Markhus. Han bur med familien på Kolnes.

Tøffe diskusjoner

Sidan aldersspennet er så stort - 17 år mellom eldstebror Johannes og yngste søster Aud-Marie, kan mange av diskusjonane skuldast endringar i åra som var.

Når me kjem inn på rutebåten frå Skånevik, klarer søskenflokken ikkje å bli einige om sjølve ruta. Nokon meiner at rutebåten tok eine sida av fjorden for seg innover og den andre utover. Andre meiner at båten hadde vore innom Fjæra før han kom på returen innom Markhus og atter andre meiner bestemt at rutebåten gjekk i sikk-sakk innetter fjorden til dei forskjellige stoppestadene.



FRAMFOR BARNDOMSHEIMEN: *Søskenflokken framfor barndomsheimen i Skjepavik, Markhus. Frå venstre: Johannes Markhus, Grimstad, Ingebrigt Markhus, Bømlo, Annbjørg Straumsøy, Etne, Annemor Røssland, Husnes, Aud-Marie Lynghammer, Røldal, Ingrid Løyning, Seljestad, Jon Inge Markhus, Kolnes. Dei nederste bildene:* **BARNDOMMENS RIKE:** *I Skjepavik og badeplassen «Evja» hugsar alle Markhus-søskene somrane som varmare før.* **SKULEMINNE:** *Ennå heng plansjane der, i den gamle skulestova i Markhus. Slik lærte dei «metrisk mål og vekt».* **HALVE FØDA:** *Strikkemaskina som mora, med 14 kausjonistar fekk finansiert i ung alder, gav eit godt bidrag til økonomien i den store familien.*

FOTO: SIGMUND HANSEN

Nummer to i flokken, Ingrid (Markhus) Løyning (84) er bondekone på Løyning og har tidlegare og jobba på Solfonn. Annemor (Markhus) Røssland (82) held til på Husnes og blei tidleg enke - berre 37 år gammal.

Ho jobba på Husnes hotell før ho tok hjelpepleiarutdanning og jobba 30 år på Valen sjukehus. I dag er ho sers aktiv i m.a. Røde Kors.

Ingebrigt (80) blei bussjåfør på Bømlo og bur på Moster. I 30 år snirkla han seg rundt på dei smale bømlovegane før «Bømlopakken» kom. Etter to hjarteoperasjonar påstår han at han er frisk som ein fisk.

Annbjørg (Markhus) Straumsøy bur i Etne. Hennar store hobby og lidenskap har alltid vore syiing. Særleg bunadssøm.

Det er ikkje få Hardangerbunader, Røldalsbunader og Åkrafjordbunader Annbjørg har sydd. Ho har også jobba som heimehjelp i Åkrafjordområdet.

Jon Inge Markhus (74) bur på Kolnes og har i heile sitt yrkesaktive liv vore karosserimakar, først hos Lundal Auto og så Haugaland Buss/Tide.

Aud-Marie (Markhus) Lynghammer (69) er yngstejenta. Ho bur i Røldal. I ungdommen jobba ho i butikk, blant anna i Skarsmo handelslag. Så blei det husmortilvære med småbruk, sauer og geiter og stølsliv på Haukeli der dei til og med laga ost. Så jobba Aud-Marie 30 år på sjukeheimen i Røldal.

Tekst:
SIGMUND HANSEN

PIPEFABRIKKEN PÅ MARKHUS

Det var i krigens dagar at den utflytta markhusmannen som dreiv engroshandel i Stavanger, Kjetil Markhus, fekk ein ide: Mangelen på tobakkspiper var stor og han starta, mellom andre saman med sagbrukseigar og verktøytmakar Georg Markhus, ein fabrikk som lagde piper på Markhus.

Lars Lundal høyrde fortalt at det blei produsert minst 50 000 piper i Markhus frå ein gong i krigen til tidleg på 1950-talet. Og Johannes Markhus seier det var opptil ti mann i arbeid med å produsera pipene. Først starta dei i eit hus i Skjepavik. Så flytte verksemda til kjellaren i gamle posthuset i Markhus.

–Eg har alltid høyrt at sjølve pipehovudet var av eit treslag dei kalla «breierot» og at den kom frå Afrika, seier Lars Lundal. Men han veit ikkje i dag om nokon har tatt vare på ei av desse lokale pipene som blei selde over heile landet.

Johannes Markhus er heller ikkje sikker. Men han meiner dei kalla pipene for «Briar», som han meiner skulle vera engelsk for brakje. Johannes hugsar i alle høve at dei begynte med nokre piper dei kalla «Jabek» etter bondeføraren Søren Jaabek, som visst nok sparte på det meste og også laga sine eigne piper. Johannes fortel at sjølve munnstykket blei laga av hasselgreiner. Dei har marg i midten som så blei svidd ut av ein glødande strikkepinne. Han hugsar godt karane som sto på rekkje over ein smiebenk og laga pipene med tolleknivar og bandsag.





